

Helmut Büttner
Hetlehovda 14 A
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7364 - 21/57760

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
02.09.2021

Registrert dårlege lokk på septiktank - gbnr. 54/10 Konglevoll

Tiltak: Utbetring lokk på septiktank
Byggjestad: Gbnr. 54/10
Tiltakshavarar: Marita Schmidt og Helmut Büttner

Alver kommune har den 25.08.2021 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning av septiktanken på eigedommen dykkar den 09.08.2021, med adresse Hetlehovda 14 A, 5956 Hundvin, vart registrert at lokka på tanken ikkje var i tilfredsstillande stand.

Begge lokka er knuste og følgjeleg dekker dei ikkje tanken på ein tilfredsstillande måte, sjå vedlagte bilete.

I følgje plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra, eventuelt leigar eller festar dersom det eksisterer eit leigeforhold som skal gjelde for meir enn to år, jf. pbl. § 28-6 andre ledd.

Lokket må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 20.09.2021.

Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og at forsvarlege lokk vert montert. Lokk på kum må vere tett og utført i solide materiale, samt vere utstyrt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side. For å få utbetre eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i pbl. §§ 32-3 og 32-2.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lokka er reparert må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å sikre basseng og brønn følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

AnleggID=68563_OppdragID=2438547_DSC00209
Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Helmut Büttner	Hetlehovda 14 A	5956	HUNDEVIN
Marita Schmidt	Hetlehovda 14 A	5956	HUNDEVIN